



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 14.02.2017
Tid: 12.00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen, møte kl. 13.50	Medlem	SP
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Anders Egil Straume	Medlem	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Hild Våge kl. 12.00-14.00	Sølvi Dimmen	AP
Øyvind Festø	Gunnar Strøm	MDG
Arild Iversen	Anders Egil Straume	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann
Berit Sandvik Skeide	Planleggar, PS 25/17
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef, PS 26/17, OS 27/17, 28/17, 29/17
Per Heltne	Fagansvarleg plan
Jørgen Vestgarden	Utviklingssjef
Kjell Magne Rindal	Eigedomssjef, OS 30/17, 31/17, 32/17



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 23/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 24/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 25/17	Planid 2016007. Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020. Handsaming etter høyring
PS 26/17	Endring i leigeavtale - Hamna 20
PS 27/17	Næringsfondet(kraft)- Årsrapportar 2016
PS 28/17	Hjartåbygda skyttarlag - tilskot til bygging av veg og parkeringsplass
PS 29/17	Oppnemning av temakomitear - Mellombels fellesnemnd Volda og Hornindal kommuner
PS 30/17	Orienteringssaker
OS 27/17	Elevtalsutvikling
OS 28/17	Samarbeidsavtalen med Ørsta kommune om undervisning elevar får Bjørke
OS 29/17	Kroppsovingsfasilitetar for sentrumsskulane
OS 33/17	Høgskulen i Volda Mediefag - Referat Program møte 01
OS 34/17	Tussa Energi AS - Oversendelse av fornya anleggskonsesjon for kraftstasjonar. NVEs referanse: 201700444-3
OS 35/17	Rekneskap og rapportering - Utvikling av modeller for identifikasjon og oppfølging av barn av psykisk sjuke og barn av foreldre som misbrukar rusmiddel (2015/2016)
OS 36/17	Oppnemning av representantar til arbeidsgruppe for justering av delavtale 4 til Samhandlingsavtalen - til orientering
OS 37/17	Referat møte med Volda kommune og Statens vegvesen 4.1.2017
OS 38/17	Pressemelding - Arbeidsmarkeden januar 2017



VOLDA KOMMUNE

- OS 39/17 **Vedtak i saka om Statens lånekasse sitt regionkontor i Ørsta**
- OS 40/17 **Invitasjon til å delta i prosjektet: Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing**
- OS 41/17 **Informasjon om tilskudd til implementering av velferdsteknologi 2017-2020**
- OS 42/17 **Høyringsfråsegn frå Sunnmøre Regionråd IKS på forslag til Nasjonal faglig retningslinje for kompetanse og kvalitet i nyfødteintensivavdelinger**
- OS 43/17 **Mellombels ordning med funksjon som assisterande rådmann**
- OS 44/17 **Informasjon om sentrale utgreiingar med verknad for kommunesektoren**
- OS 30/17 **Bustadmodular Engesetvegen 28**
- OS 31/17 **Organisering arbeid Ivar Aasen bygget**
- OS 32/17 **Nilletun - EPC**

PS 23/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling:

Det var ingen merknader til innkallinga.

Dan Helge Bjørneset reiste spørsmål om datasamarbeidet SSIKT på Søre Sunnmøre. Rådmannen ga ei kort orientering om historikk og status omkring datasamarbeidet mellom kommunane på søre Sunnmøre. Det vil verte nærare orientering om temaet i seinare møte der dagleg leiar for SSIKT vert invitert.

Odd A. Folkestad foreslo ei synfaring på Tussa sitt datasenter.

Odd Harald Sundal ynskje status om 4. etg. på Volda omsorgssenter. Rådmannen vil kome attende til dette.

Margrethe Bjerkvik stussa på møtedato i mars. 21 eller 22. mars.

Etter møteplanen er det vedteke formannskapsmøte 22. mars. Ordførar foreslo no at møtet blir sett til tysdag 21. mars.

Volda formannskap slutta seg til at formannskapsmøtet blir flytta til tysdag 21. mars.



VOLDA KOMMUNE

Rådmann Rune Sjurgard sa at det er planlagt ei arbeidssamling for formannskapet og rådmannen si leiargruppe den 27. mars og ber medlemene sjekke om det passar den dagen.

Sakliste:

Ordførar kom med framlegg om at sakene OS 30/17, OS 31/17 og OS 32/17 vert handsama til sist i møtet.

Med dette er saklista godkjend.

Røysting:

Samrøystes vedteke å flytte formannskapsmøtet frå 22. mars til tysdag 21. mars.

Innkalling og sakliste, med endring, vart samrøystes godkjend.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 14.02.2017

PS 24/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 14.02.2017

Møteprotokoll frå førre møte 31.01.2017 vart samrøystes vedteken.

PS 25/17 Planid 2016007. Kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020.

Handsaming etter høyring

Handsaming:

Planleggar Berit Sandvik Skeide orienterte om saka og innkomne merknader. Frist for merknad var 1. februar.

Røysting: (ni røysteføre)

Samrøystes vedtak om oversending til kommunestyret

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 14.02.2017 til kommunestyret

Volda kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 10-1, kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommunestyre vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 10-1, kommunal planstrategi for Volda kommune 2016-2020.



VOLDA KOMMUNE

PS 26/17 Endring i leigeavtale - Hamna 20

Handsaming:

Rådmann Rune Sjugard orienterte om grunnlaget for at Hamna 20 treng meir lokale.

Røysting: (ni røysteføre)

Formannskapet slutta seg samrøystes til tilrådinga frå administrasjonen.

Samrøystes vedtak i Formannskapet - 14.02.2017

- 1. Gjennom addendum 3 ds.27.01.2017, vert det gjort endringar i leigeavtalen mellom Volda kommune og Coop Vest AS for leige av lokale i Hamna 20.*
- 2. Auken i leigeutgiftene vert å dekke innanfor Volda læringscenter si budsjetttramme.*

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Gjennom addendum 3 ds.27.01.2017, vert det gjort endringar i leigeavtalen mellom Volda kommune og Coop Vest AS for leige av lokale i Hamna 20.*
- 2. Auken i leigeutgiftene vert å dekke innanfor Volda læringscenter si budsjetttramme.*

PS 27/17 Næringsfondet(kraft)- Årsrapportar 2016

Handsaming:

Røysting: (ni røysteføre)

Formannskapet slutta seg samrøystes til denne saka.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 14.02.2017 til kommunestyret

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2016 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegg i denne saka.

Administrasjonen si tilråding:

Årsrapporten for Næringsfond(kraft) 2016 vert teken til vitende, slik den går fram av saksutgreiinga og vedlegga i denne saka.



PS 28/17 Hjartåbygda skyttarlag - tilskot til bygging av veg og parkeringsplass

Handsaming:

Odd A. Folkestad kom med utsetjingsframlegg:

Han ynskje at Hjartåbygda skyttarlag skal kome til neste møte for å orientere om skyttarlaget.

Røysting: (ni røysteføre)

Framlegget frå Folkestad fekk 4 røyster (Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset, Odd Harald Sundal og Jørgen Amdam) og fall. 6 røysta mot.

Framlegget frå administrasjonen vart vedteke med 6 røyster. 3 røysta mot. (Odd A. Folkestad, Dan Helge Bjørneset og Odd Harald Sundal)

Tilråding i Formannskapet - 14.02.2017 til kommunestyret

Volda kommune syner til søknad d.s. 13. januar 2017 frå Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset om støtte til bygging av veg og parkeringsplass.

Kommunen finn ikkje å kunne imøtekome søknaden om dekning av årleg grunnleige. Kommunen finn heller ikkje å kunne imøtekome søknaden om tilskot på kr. 300.000,-.

Administrasjonen si tilråding:

Volda kommune syner til søknad d.s. 13. januar 2017 gfrå Hjartåbygda skyttarlag v/Hogne Homberset om støtte til bygging av veg og parkeringsplass.

Kommunen finn ikkje å kunne imøtekome søknaden om dekning av årleg grunnleige. Kommunen finn heller ikkje å kunne imøtekome søknaden om tilskot på kr. 300.000,-.



VOLDA KOMMUNE

PS 29/17 Oppnemning av temakomitear - Mellombels fellesnemnd Volda og Hornindal kommuner

Handsaming:

Forslag til reperesentantar i temakomiteane.

Jørgen Amdam foreslo Kari Hasle som leiar til temakomite heraldikk/namn. Amdam stiller sjølv i organisasjonsutvalet. Han hadde også spurt Rebecca Riise Bjerknes om å stille i organisasjonsutvalet. Ho har sagt ja til det. Som vara foreslo han Hild Våge.

Dan Helge Bjørneset foreslo Odd A. Folkestad til temakomite heraldikk/namn. Bjørneset foreslo Arild Iversen til organisasjonsutvalet.

Jørgen Amdam foreslo Dan Helge Bjørneset til vara i organisasjonsutvalet.

Røysting:

Heraldikk/namn: Til temakomiteen vart fylgjande:

Kari Hasle og Odd A. Folkestad.

Samrøystes.

Til organisasjonsutval vart fylgjande:

Jørgen Amdam, Rebecca Riise Bjerknes og Arild Iversen.

Vara: Dan Helge Bjørneset og Hild Våge.

Samrøystes.

Samrøystes tilråding i Formannskapet - 14.02.2017 til kommunestyret:

Heraldikk/namn - frå Volda kommune:

Kari Hasle og Odd A. Folkestad.

Til organisasjonsutval - frå Volda kommune:

Jørgen Amdam, Rebecca Riise Bjerknes og Arild Iversen.

Vara: Dan Helge Bjørneset og Hild Våge.

Handsaming:

Ordføraren kom med slikt framlegg til leiar for nemnda heraldikk/namn:

Jon Tvinnereim

Formannskapet drøfta saka.

Ordføraren kom med slikt framlegg:

Saka vert utsett.



VOLDA KOMMUNE

Røysting (åtte røysteføre):

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i formannskapet:

Saka vert utsett.

Administrasjonen si tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

PS 30/17 Orienteringssaker

OS 27/17 Elevtalsutvikling

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om elevtalsutviklinga i sentrumsskulane. I sentrum er det relativ stor overkapasitet og det er krevjande oppgåve å fordele førsteklasseelevane mellom Bratteberg og Vikebygda skule.

Orientering teken til vitende

OS 28/17 Samarbeidsavtalen med Ørsta kommune om undervisning elevar får Bjørke

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om samarbeidsavtalen om Bjørkeelevar som går på Austefjord skule.

Administrasjonen kan varsle Ørsta kommune om at Volda kommune vil reforhandle dei økonomiske vilkåra i avtalen.

Formannskapet slutta seg til forslaget

OS 29/17 Kroppsøvningsfasilitetar for sentrumsskulane

Handsaming:

Oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik orienterte om kroppsøvningsfasilitetane for sentrumsskulane.



VOLDA KOMMUNE

Formannskapet tok orienteringa til vitende.

Sølvi Dimmen møtte no. Hild Våge fekk permisjon og forlot møtet.

OS 33/17 Høgskulen i Volda Mediefag - Referat Program møte 01

**OS 34/17 Tussa Energi AS - Oversendelse av fornya anleggskonsesjon for kraftstasjoner.
NVEs referanse: 201700444-3**

OS 35/17 Rekneskap og rapportering - Utvikling av modeller for identifikasjon og oppfølging av barn av psykisk sjuke og barn av foreldre som misbrukar rusmiddel (2015/2016)

OS 36/17 Oppnemning av representantar til arbeidsgruppe for justering av delavtale 4 til Samhandlingsavtalen - til orientering

OS 37/17 Referat møte med Volda kommune og Statens vegvesen 4.1.2017

OS 38/17 Pressemelding - Arbeidsmarknaden januar 2017

OS 39/17 Vedtak i saka om Statens lånekasse sitt regionkontor i Ørsta



VOLDA KOMMUNE

OS 40/17 Invitasjon til å delta i prosjektet: Fornyelse og utvikling av lokaldemokratiet i kommuner med vedtak om sammenslåing

OS 41/17 Informasjon om tilskudd til implementering av velferdsteknologi 2017-2020

OS 42/17 Høyringsfråsegn frå Sunnmøre Regionråd IKS på forslag til Nasjonal faglig retningslinje for kompetanse og kvalitet i nyfødteintensivavdelinger

OS 43/17 Mellombels ordning med funksjon som assisterande rådmann

OS 44/17 Informasjon om sentrale utgreiingar med verknad for kommunesektoren

Handsaming:

Rådmann Rune Sjurgard orienterte om sentrale utgreiingar med verknad for kommunesektoren.

OS 30/17 Bustadmodular Engesetvegen 28

Handsaming:

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jfr. kommunelova § 31, nr. 2.

Det vart samrøystes vedteke å lukke møtet.

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om saka..

OS 31/17 Organisering arbeid Ivar Aasen bygget

Handsaming:

Ordføraren kom med framlegg om at møtet skulle lukkast, jfr. kommunelova § 31, nr. 5.



VOLDA KOMMUNE

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om saka..

Det vart samrøystes vedteke at møtet skulle opnast, jf kommunelova § 31.

OS 32/17 Nilletun - EPC

Handsaming:

Eigedomssjef Kjell Magne Rindal orienterte om saka.

Møtet slutt kl. 16.00
Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
15.02.2017

Bente Kristin Krøvel
førstesekretær